

Bondeposten



Informasjonsskriv frå Hjelmeland kommune, Plan og forvaltning, nr 3/18
 Telefon Sentralbord 51 75 00 00. E-post postmottak@hjelmeland.kommune.no
 24.årgang. Ansvarleg redaktør Haldis K. Nilsen, redaksjon: Torborg Kleppa, Anne Kari Skogerbø, Kristofer Tveiterå. Foto: Fylkesmannen i Rogaland, Anne Kari Skogerbø.



Innholdsliste; Produksjonstilskot, RMP 2018, erstatning ved avlingskade, gjerdeklyvarar, autorisasjonskurs plantevern og spekepølsekurs i Suldal.

PRODUKSJONSTILSKOT

Teljedato 1. oktober. Søknadsfrist 15. oktober. Søknadsfristen er absolutt – er du for sein, får du ikkje søkt!

Men har du først søkt, kan du gjere endringar i søknaden i 14 dagar etter søknadsfrist, dvs tom 29.9.

Tilskot til dyr på beite – beitetilskot

Kravet for å få tilskot til dyr beite er at hovuddelen av grovfôrinntaket til dyra skal skje ved beiting. I år er det derimot gitt ein dispensasjon frå dette kravet, noko som betyr at ein kan søkje tilskot sjølv om dyra har fått meir enn halvparten av grovfôret tilkøyr. Regelen om at dyra må ha gått minst 12 veker (sone 5) på beite gjeld framleis, og beiteområde dyra går på må under normale tilhøve kunne gje tilfredsstillande beiteopptak.



Tilskot til dyr på utmarksbeite

Her gjeld kravet om at hovuddelen av det daglege grovfôropptaket skal skje ved beiting, også i år. Elles er kravet som før at her skal beitast i minst 5 veker.

Arealtilskot

Det er eit krav i forskrifta om «vanleg jordbruksproduksjon». Pga tørken i år er det opna for tilpassingar for korleis regelverket skal tolkast. Dersom føretaket gjer det som ein kan forventa i løpet av vekstsesongen, kan ein i år få tilskot for veksten som er sått sjølv om avlinga er øydelagt av tørke. Det er ikkje nødvendig for kvar enkelt å søkje om dispensasjon. Dersom du ikkje har gjort noko aktivt for å få avling, for eksempel at her ikkje er sådd i, ikkje har drive ugraskamp, eller hausta ol. så må arealet førast som «ute av drift».

Fleire av dykk har gitt melding til kommunen om at de har endringar i arealet, rydda nytt beite, ferdig med nydyrking ol. Dersom kommunen ikkje har vore og sett på arealet og sendt deg skriv om oppdatert areal, så bruker du eksisterande tal frå gardskartet i søknaden, **OG** så skriv du i merknadsfeltet til kommunen at du har meldt frå om arealendring, og ventar på godkjenning frå kommunen. Då kan kommunen gjere endring i søknaden din i samband med behandlinga, viss ein ikkje har nådd å gjere endringa i dei 14 dagane ein har til endring etter søknadsfrist.

RMP 2018

Du kan søkje RMP fom 1. august. Søknadsfrist er også her 15. oktober.

Dersom du har endringar, for eksempel meir eller mindre leigejord, så kan du legge til eller slette gnr/bnr i lista i søknaden. Så går du til kart og oppdaterer det. Alle som søker må gå til kartet. Du får spørsmål om du vil bruke data frå godkjent søknad sist du søkte. Dersom du ikkje har endringar seier du ja, viss her er endringar må du vurdere om det er enklare å legge inn areal og tiltak på ny, eller om du seier ja til å importere frå sist godkjente søknad, og så gjere endringane etterpå. Deretter går du tilbake til søknadsskjema og oppdaterer søknad i tråd med kart.

AVLINGSSKADE

Søknadsfrist er 31. oktober. Dersom du er ferdig med hausting før den tid, kan du sende inn søknad tidlegare. For dei som for eksempel driv med frukt og ikkje har oppgjør klart så MÅ du likevel søkje innan frist, og deretter ettersende meir opplysningar. For dei av dykk som driv med grovfôr og husdyr vert her nytta ein norm for «normalavling» som di avling blir målt mot. I dei andre produksjonane blir avlingsvikten målt mot dine eigne tal dei siste 5 føregåande åra. Ta kontakt om du lurar på noko.

GJERDEKLYVARAR

De som fyller vilkår til å kunne søkje om produksjonstilskot og SMIL-midlar, kan og søkje om å få tildelt gratis gjerdeklyvarar. Det er de som har ansvar for å sette opp gjerdeklyvaren og ha tilsyn/vedlikehald med den. Det er kanskje og aktuelt for nokon som fekk gjerdeklyvar for lenge sidan å byte den ut med ny.

Gjerdeklyvaren kan bli setjast opp der det er merka turstiar som blir brukt og det er gjerde for beitedyr. Det er ofte mindre konfliktfylt med ein gjerdeklyvar enn med grindar som ikkje blir lukka. Nokon stader er det fiskarar som har behov for å ferdast på kryss av nabogrenser der det er gjerde, eller nabolaget brukar området mykje til ferdsel/aktivitet. Her er nå også laga ein patent med port for hund, som du kan montere på sida av gjerdeklyvaren, kryss evt av for det i søknadsskjema. Be om søknadsskjema eller finn det på heimesida til kommunen.



AUTORISASJONSKURS PLANTEVERN MIDLAR

NLR Rogaland arrangerer kurs i autorisasjon for kjøp og bruk av plantevernmiddel i haust/vinter. I første omgang har dei planlagt kursdagar på Bryne og i Strand.

- Teori, både fornying og bevis for første gong, 4 alternative dagar: 22/11 (Bryne), 28/11 (Bryne), 10/1 (Strand), 15/1 (Bryne).
- Praksisdag, berre bevis første gong på Bryne, 2 alternative dagar: 6/12, 6/2.

I løpet av vinteren blir det fleire kurs både på Bryne og andre stader i fylket. På rogaland.nlr.no finn du meir informasjon og skjema for bindande påmelding innan 10 dagar før kursstart til Norsk Landbruksrådgiving Rogaland. Kontaktperson hjå NLR Rogaland er Ane Harestad, mobil 94 16 45 28. Du kan også gå direkte til [skjema for bindande påmelding](#).

For dei av dykk som har autorisasjon frå før og skal fornye, går det også an å gjere dette via nett, både kurs og eksamen er å finna på Mattilsynet si heimeside.

Spekepølsekurs med Magnhild Dyrdal

13.oktober 2018 kl 0930-1600. Kantina i 2.etasje i Monterbygget, Garaneset, 4230 Sand.

Magnhild Dyrdal er kjent for å laga spekepølser på gamlemåten. I motsetning til industrien brukar ho langsam mjølkesyregjæring av kjøtet. – Spekesmaken treng tid for å utvikla seg, seiar ho.

Reine smakar av det opphavelege. Den naturlige prosessene skal gi smaken. Droppa ein krydder, kjem dyrets eigensmak i fokus på ein heilt anna måte. I 2011 blei ho kinokjendis i den *prisbelønte dokumentaren “Folk langs fjorden”* kor ho delte sin matfilosofi.

Praktisk Info: Magnhild lagar til farsen for spekepølsene på garden sin. Den skal modnast i nokre veker og bringar den ferdig modna kjøtfarsen med seg til kurset. Me lager spekepølser. Kverna sauekjøt, geit m.m. og lærer å laga farsen. Den blir vakuumpakka. Kursdeltakerane har anledning å ta med seg heim og modna farsen for å laga sine egne spekepølser heime. På den måten får me heile prosessen i produksjonen og får smaka på ferdig produkt. Magnhild har også ferdige pølser me får smaka og kjøpa med heim. Ho har med seg tarm til spekepølser som de kan få kjøpa. I tillegg til spekepølser skal me også læra og laga gode middagspølser ala type Vossakorv.

Pris kr 1200 (inkl lunsj)

Påmeldingsfrist 5.oktober til astrid.brommeland@suldal.kommune.no - Telefon:
52790619 - Mobil: 95748637